

Kvinnherad Vekst er tilbake til ordinær drift med vanlege opningstider.

26.05.2020



Kvinnherad Vekstbedrift, avd. Trelast er tilbake til ordinær drift. Det siste er import av ved frå Litauen.

Kvinnherad Vekstbedrift er tilbake til ordinær drift og med opningstider slik det er kunngjort på skilt og på heimesida deira. Opningstida på avdeling for trelast er: Kvardagar frå kl. 08.00 til kl. 16.00. Laurdagar: kl. 09.00 til kl. 14.00. Kvinnherad Vekstbedrift, avdeling Trelast i Beinavikjo er godt skilta frå Fylkesvegen og vidare fram til lageret deira i Beinavikjo. På sikt vert alt arbeid knytta til verkstad, ved, betong og trelast samla på Vikjo. Vask og kantine vert verande i noverande lokale.

Dei ulike arbeidsgruppene på Kvinnherad Vekstbedrift er tilbake på arbeid. Produksjonen går ikkje for fullt, men det har samband med redusert drift hos nokre av kundane. Det gjeld særleg på vask der nokre av oppdragsgjevaren ikkje er tilbake i full drift i ei koronatid.



Kvinnherad Vekstbedrift har nyleg kjøpt bil for catering og levering av mat. Kokk og arbeidsleiar for kantine/tekstil, Ann Mari Vågen syner fram den nye bilen.

Levering på jobbfrukt ligg også under tala slik det var på topp, men ein merkar alt no ein oppgang og nye kundar kjem til. Verksemda har fått ny bil for catering og levering av mat. Meir av den maten, som vert seld på Retro, vert produsert i Uskedalen og levert til Husnes kvar dag. Cateringbilen skal berre brukast til mat. Ein større bil vert brukt til transport av kle for vask, møblar og andre gjenstandar til og frå Retro.

Kvinnherad Vekst har motteke fem vogntoglass med ved, 5000 sekk i 40 liter sekker. Det er import frå Litauen med bjørkeved av høg kvalitet. Veden vert lagra på Beinavikjo og køyrd ut til kundar etter bestilling. Dette vert gjort i ein periode då det er mindre tilgang på ved i strongar frå bønder. Mild vinter og mindre vedhogst gjer at Kvinnherad Vekst ikkje har fått inn det råstoffet ein treng for å halda kundane med ved.

Meir om Kvinnherad Vekstbedrift og framdrifta med å flytta og samla fleire tenester på Beinavikjo kjem i eige innlegg seinare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



[God skilting syner vegen til Kvinnherad Vekstbedrift, avdeling Trelast.](#)